

Nordfjord vassområde



Møtereferat prosjektgruppa Nordfjord vassområde 18.02.2016

Tid: torsdag 18. februar 2016 kl. 09.15 – 13.00

Stad: Eid vidaregåande skule

Desse møte:

Amund Hjelle	fagkonsulent	Stryn kommune
Jan Nesdal	næringsjef	Hornindal kommune
Sigmund Larsen	innleidd landbrukskonsulent	Bremanger og Vågsøy kommune
Trine Alme	landbrukssjef	Gloppen kommune
Stanislawa Voldsund	rådgjevar skog og miljø	Eid kommune
Kristian Nave	fagkonsulent	Selje kommune
Joar Helgheim	tenesteleiar næring og miljø	Jølster kommune
Solfrid Trå	naturforvaltar	Jølster kommune
Staffan Hjøhlman	prosjektleiar	Sunnfjord vassområde

Desse inviterte møte ikkje:

Ellen Kirkeeide	landbrukssjef	Stryn kommune
Odd Rønningen	miljøvernrådgjevar	Stryn kommune
Kristine Dahl	plan- og utviklingssjef	Eid kommune
Bjørn Marthinussen	leder skog og utmark	Bremanger kommune
Per Ove Fossheim	leiar drift	Gloppen kommune
Ståle Hatlelid	einingsleiar utvikling	Hornindal kommune
Ingvald Tennebo	tenesteleiar drift, anlegg	Vågsøy kommune

Saker

4 – 2016 – Oppfølging av regional vassforvaltningsplan og tiltaksprogram i høve påverknad frå landbruk

Prosjektleiar orienterte om prosjektet, organiseringa, regional vassforvaltningsplan og tiltaksprogram i høve landbrukspåverknad. Presentasjonen ligg på vannportalen:

<http://vannportalen.no/globalassets/vannregioner/sogn-og-fjordane/sogn-og-fjordane---dokumenter/vassomrade/nordfjord/moteinnkalling-og-referat/prosjektgruppalandbruk-18.02.2016/tiltaksprogram-jordbruk.pdf>

5 – 2016 - Rapportar frå Asplan Viak om problemkartlegging i høve landbruk og avløp 2014 med vekt på føreslåtte tiltak (prosjektleiar)

Dette er fagrapportar som vart utarbeida som eitt problemkartleggingstiltak i 2014. Rapportane er ikkje politisk handsama. Prosjektleiar presenterte hovudtrekka i fagrapportane (sjå presentasjon som lenka til over).

Nordfjord vassområde



Rapportane i heilskap ligg også på vannportalen:

<http://vannportalen.no/vannregioner/sogn--og-fjordane/vassomrade/nordfjord/nyhende-nordfjord/2015/mote-i-nordfjord-vassomradeutval-22.011.2015/>

Kommentarar i møte knytt til tiltaksdelen i rapportane:

- Ugjødsla randsone på 10 m: I rapporten vert det hevda at effektiviteten av 10 m ugjødsla randsone, skal ligge på 20 til 40 % for fosfor til vassdrag som treng tiltak, og det var synt til rapport «Syversen 2003». Bør sjekke opp om denne rapporten omhandlar avrenning frå åkerland, og om den er reell/har same verknad for areal med grasproduksjon.
- Fosfor i vassførekomst: Er kjeldene dagens tilførsel eller tidlegare tilførsel lagra i jorda? Det er lite fosfor i kunstgjødsel, der jordprøver syner gode fosforlager. Fosfor frå eldre tider ligg lagra i jorda, og det er mogleg at dette bidreg ein god del til avrenning til vassførekomst, sjølv om fosfortilførsel pr. i dag er lite. Areal kring Haugselva er ikkje i drift lenger, og vassførekosmten kan vera ein referanse for å finne ut om fosfor frå eldre tider bidreg til fosfortilførsel. Norsk Landbruksrådgjeving har i seinare år observert betring i gjødslingspraksis, med redusert forsforinnhald i kunstgjødsel og tendensar til minkande fosforinnhald i jordprøvar.
- Jordbearbeiding: Regelverket for produksjonstilskot krev 2 meter ubearbeida kantsone mot vassførekomst. Å handheve denne, kan gje større effekt enn andre tiltak føreslått i rapporten.
- Fosfor i kunstgjødsel: Forholdsvis enkelt tiltak å kutte fosfor her.

6 – 2016 - Erfaring med oppfølging av ureining frå landbruket (t.d. lagring av rundballar, gjødslingspraksis). Kommentar til rapportane over (ureining frå landbruk, tiltak)

Eid kommune: (v/Stanislava Voldsund - ingen frå landbrukssektoren var representert på møte)

- Store gjødselslager utan tak kan føre til at mykje vatn vert tilført, og det har vore tilfelle i Eid der lager har fått sprekker i konstruksjonen og det har oppstått lekkasjar.
- Etterlyser tilskot til tak over gjødselslager
- Gjødselslager har for liten kapasitet, grunna at dei ikkje er dimensjonerte til dagens bruk (antal dyr, vatn i lager)

Selje kommune: (v/Kristian Nave)

- Har drive med lite oppsøkjande kontroll grunna for liten kapasitet til dette. Men har auka fokus på ureining mot vassdrag i 5 % kontrollen for produksjonstilskot.
- Spreietidspunkt mm: Har sendt ut brev i 2015 med informasjon og rettleiing til alle grunneigarar i samband med informasjon knytt til produksjonstilskot. Dette brevet stod også på trykk i lokalavisa i fjor. God respons/tilbakemelding på dette.
- Ein vassførekomst har hatt fleire punktutslepp dei siste åra, og har ført til stor/konsentrert tilførsel av næringsstoff, som førte til fiskedød eine gongen. Eine årsaka var lekkasje frå gjødselslaget som står for nært vassdraget. Lekkasjen er utbetra etter anmelding og bot.

Nordfjord vassområde



Pålegg om tak over gjødsellager er utført. Nytt tilfelle året etter med lekkasje frå slangespreiar som gjekk over elva.

- Gjødselslager kapasitet: Nokon låner/leiger ubrukte lager, og køyrer gjødsel dit om vinteren. Dette gjer at gjødsla kjem nærmare innmark som ligg langt frå driftssenter, og at transporten kan gjerast på tider av året der ein har betre tid.
- Spreiefrist: Kommunen har ikkje eiga forskrift, og spreiefristen er 1.sept. Kommunen har vorte meir restriktive med å gje utsett frist.
- Rundballelager: Det førekjem ein del lagring langs elvar, men kommunen har ikkje hatt nokon kampanjar knytt til dette.

Jølster kommune: (v/Joar Helgheim)

- Ikkje systematisk kontroll av ureining mot vassdrag, men gjødsels plan vert kontrollert i 5% kontrollen for produksjonstilskot. Har planar om auka kontroll av ureining også.
- Punkt utslepp: Tilfelle er mykje meir sjeldne no enn før.
- Gjødselslager kapasitet: Ofte i grenseland, og problema oppstår når uforutsette ting skjer. Lager utan tak bør dimensjonerast for nedbørmengda.
- Gjødselspraksis/spreiefrist: Gjødselspraksis har vorte meir profesjonalisert. Jølster har forskrift med generell utsett spreiefrist til 15.sept.
- Rundballelager: Regelverket krev ikkje 50 meter avstand til vassdrag lenger, men krev at lagring av rundballar ikkje ureina. Kommunen tar tak i dette når det oppstår ureiningsproblem.
- Kommentar til foreslått tiltak på 10 m randsone mot vassdrag: Mykje av vassdraga i Jølster er retta ut/tilpassa for å få meir jordbruksareal, og mykje av jordbruksareala ligg difor i nærleik til vassdrag. 10 m ugjødsla belte vil difor påverke mange som driv landbruksproduksjon, og ein må vera sikker på at dette har ein effekt, før ein pålegg tiltaket.
- Kommentar generelt til rapporten: Påpeikar at det er nokon feil faktaopplysningar, og formuleringar som er uheldige i rapporten, og at dette kan vera med å svekke truverda til rapporten.
- Landbruksrådgjevinga bør få opplyst kva for vassdrag som er i risiko, og ta omsyn til dette ved utarbeiding av gjødselplanar.

Stryn kommune: (v/Amund Hjelle)

- Rundballelager: Har sendt ut brev med rettleiing til grunneigarar i Strynevassdraget (dei som har areal nær vassdrag og oppå kanalar).
- Gjødselspraksis: gjødselsplan vert kontrollert i 5% kontrollen for produksjonstilskot. Nokon har for gamle gjødselsplanar.
- Spreiefrist: Kommunen har ulike driftsforhold grunna stor høgdeforskjell mellom bruka. Andre slåttan føregår ofte med tre-fire vekers forskjell frå fjell til fjord. Det er ofte gjengangarar på kven som søker om utsett spreiefrist.
- Punktutslepp: Bedra seg ein god del.
- Gjødselslager kapasitet: Viktig å få tilgang til ekstralager, slik at ein auka kapasitet og kan kjøre ut ein del av gjødsla vinterstid til lager som ligg nær areal langt frå driftssentra.

Nordfjord vassområde



- Viktig å sette søkelys på det ein meiner er viktigast. Viktig med gode døme. Heimesida til kommunen dekkar informasjonsplikta, men når kanskje ikkje mange nok.

Gløppen kommune: (v/Trine Alme)

- Kontroll: gjennom 5% kontrollen for produksjonstilskot, vert ureining og gjødselsplanar sjekka.
- Rundballelager: Har ikkje gjort så mykje i forhold til dette endå.
- Gjødselspraksis: Gløppen har forskrift med generell utsett spreiefrist til 25.sept.

Vågsøy/Bremanger kommune/Landbruksrådgjeving: (v/Sigmund Larsen)

- Dagens strukturrasjonalisering gjer at husdyrgjødsel vert eitt problem i staden for ein ressurs.
- Mjølkprosjekt: TINE planlegg stort sett ved ny utbygging. Fokus på miljøside.
- Gjødselslager mm: Landbruksrådgjeving bør inn når ein planlegg utbygging mm.
Gjødselsplanar: Mogleg å samarbeide om randsone mellom bonden, landbruksrådgjeving og kommunen.

Hornindal kommune: (v/ Jan Nesdal)

- Rundballelager: Har dokumentert ureining i tilfelle der rundballar ligg rett ved Hornindalsvatnet, men det er vanskeleg å finne god alternativ plassering. Kommunen har sendt ut infoskriv til alle bønder om rundballelager, grøftetilskot mm, april 2014.
- Grøftetiltak og jordbearbeiding: Har ikkje vore gjort i stor grad tidlegare, og kommunen har difor hatt fokus på grøftetiltak (etter mykje frostskafer)
- Større utbyggingar: Kommunen kan krevje risikovurdering ved 20-30 m nærleik til vassdrag.
- Generelt: Fokus på informasjon og rettleiing, i staden for pålegg.
- Viste til verkemiddel i Møre og Romsdal: RMP-midlar til gjødselspreiing før 01.08.

7 – 2016 - Prosessen vidare for å velje tiltak mot landbruksureining – informasjonstiltak, synfaringar, temagruppe landbruk, medverknad frå bondenæringa og andre interesseorganisasjonar (diskusjon, alle)

Kommunen har ansvar for tiltak for å utbetre ureining. Innspel i møtet:

- Er kunnskapsgrunnlaget tilstrekkeleg?
 - Dei fleste tiltaka for perioden 2016- 2021 er problemkartlegging for å få tilstrekkeleg kunnskapsgrunnlag.
 - Fylkesmannen konkludera med tilstand
 - I neste periode 2022 – 2027 må ein ha konkrete tiltak, dersom vassførekomsten har tilstand/risiko for å ikkje nå miljømålet.

Nordfjord vassområde



- Temagruppe landbruk skal jobbe med forslag til aktuelle tiltak i neste periode
 - Medverknad: Næringa og andre brukarar
 - Verkemiddel: Tilskot
 - Informasjon: Fokus på god informasjon og rettleiing.
 - Brev, epostar, media
 - Landbruksrådgjeving sender nyheiter/infobrev via e-post til sine medlemmar kvar veke, og dette kan nyttast som ein av informasjonskanalane.
 - Ein bør spele ein del oppover i systemet igjen også: som krav til rundballelager, gjødselslager mm.
 - Jordprøvar: Landbruksrådgjeving har kopi av jordprøvar.
 - Viktig med samarbeid med næringa. Prosjektleiaren vil gjerne bli invitert til møte med faglaga i kommunane, og kan der orientere om vassforvaltninga og få innspel til arbeidet vidare.
- Kommentar/spørsmål til rapporten, som konkludera med at tiltak i jordbruket er det mest kostnadseffektive.
- Tiltak som fangdam
 - Tilskotsmidlar gjennom RMP, SMIL?
 - Gode eksempel på dette i vassområde?
- Er avrenning frå hogstflater ei kjelde til auka fosfor og nitrogen?
- Prosjektet bør nytte og samle kunnskap som fins i faglag, TINE, Nordfjord kjøtt mm, og vurdere å arrangere ei fagsamling med landbruk som tema.
- Framlegg om å lage faktaark om ulike tiltak og støtteordningar.

8 – 2016 – Overvaking i 2016

- Framlegg var vedlagt møteinnkalling, og prosjektleiar ba om tilbakemelding på lokalitetar, bruken av prosjektmidlar, om kommunen har kapasitet til å ta prøvene 4 ganger i 2016 (mars-april, juni, august og oktober). Jølster kommune har gjeve tilbakemelding.
- Prosjektleiaren vil ha tilbakemelding frå alle kommunane på denne, og sender ut ein eigen e-post, og frist for tilbakemelding.
- Prøvetakingsprogram skal bli lagt fram for Nordfjord vassområdeutval på fyrste møte.

Solfrid Trå / Staffan Hjøhlman

Ref.